



Hå kommune  
Postboks 24  
4368 Varhaug

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

**Søknad frå SJT Miljø AS om løyve til verksemd etter forureiningslova.  
Fylkesmannen ber Hå kommune leggje søknaden ut til offentleg innsyn og om å  
uttale seg i saka. Vi ber også IVAR uttale seg til søknaden.**

**SJT Miljø AS har søkt om løyve etter forureiningslova § 11 for mottak og mellomlagring av sandslam frå sandfangkummer og cementstøv frå offshoreverksemd.**

**Fylkesmannen ber om opplysingar om særskilde lokale forhold, naboar m.v. som det bør takast omsyn til ved handsaming av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale vert send oss innan 8 veker. Vi ber om at eit eksemplar av saksdokumenta og kunngjeringa vert lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.**

**Likelydande brev med vedlegg er sendt IVAR som kopiadressat. Fylkesmannen ber også IVAR om å uttale seg til søknaden innan 5 veker.**

#### **Bakgrunn**

Med heimel i forureiningslova §§ 11,16 og 29 søkte SJT Miljø AS 20.11.2013 Fylkesmannen i Rogaland om løyve til mottak og mellomlagring av **4000 tonn** sandslam frå sandfangkummer frå privat og kommunalt overvassnett, samt **1000 tonn** cementstøv frå offshoreverksemd. Mellomlageret er lokalisert ved anlegget til Jærbetong AS på gnr/bnr 30/10 i Hå kommune med besøksadresse Gudmestadvegen 371, 4365 Nærø.

Søknaden omfattar ikkje sand frå sandfang knytt til oljeutskiljaranlegg for bensinstasjonar, bilvaskeanlegg eller anna verksemd med oljeholdig avlaup.

Søknaden av 20.11.2013 mangla tilstrekkelege opplysingar til å kunne leggjast ut til offentleg innsyn. Fylkesmannen har utarbeid eit nytt søknadsskjema for avfallsanlegg som er betre tilpassa søknader om løyve for avfallsanlegg enn skjemaet berekna til bruk for landbasert industri. Vi bad verksemda nytte dette skjemaet og sende inn ein revidert søknad, inkludert vedlegg med dei etterspurde tilleggsopplysingane.

SJT Miljø sendte inn revidert søknad 20.5.2014. Fylkesmannen bad i e-post datert 21.10.2014 verksemda ettersende utfyllande informasjon om kjemisk karakterisering av cementstøvet, gjere greie for kvifor reint cementstøv vert rekna som avfall, samt kvifor det er hensiktsmessig å ta imot

sementstøvet til mellomlagring framfor at avfallsprodusenten sjølv leverer avfallet til gjenvinning eller deponering.

Fylkesmannen har nå mottatt tilstrekkeleg informasjon for å leggje søknaden ut til offentleg innsyn.

#### **Fylkesmannens kommentarar til søknaden**

##### Avrenning av vatn frå mellomlager av sandfang

Slam frå sandfang frå ulike kjelder vil variere med omsyn til restar av tungmetallar. Sjølv om verksemda i sin mottakskontroll skal kontrollere at avfallet ikkje stammer frå anlegg med oljehaldig avlaupsvatn eller er synleg forureina av olje, vil slammet likevel kunne innehalde oljerestar.

Med omsyn til avrenningsvatnet frå mellomlageret til oljeutskiljaren skriv COWI AS følgjande i si vurdering av avfallet:

«Det er fare for utekking av spesielt oljeforbindelser og vannløselige tungmetaller. Ved SJT sitt anlegg blir disse massene imidlertid mellomlagret til de er avvannet tilfredsstillende for at de kan leveres til deponi for ordinært avfall. Vann og slam som renner av blir fanget opp i en sandfangkum som er koblet til en oljeutskiller. Massene som leveres fra denne sandfangkummen når den tømmes får en egen basiskarakterisering da de kan inneholde noe høyere stoffkonsentrasjoner av vannløselige parametere»

Høge nivå av tungmetaller i avlaupsvatnet som vert sleppt på kommunalt nett kan medføre problem for bruken av slam frå IVAR sitt sentralreinseanlegg.

Fylkesmannen ber derfor Hå kommune opplyse om det føreligg, eller er aktuelt fastsetje, grenseverdiar for miljøgiftar gjennom påsleppsavtale mellom kommunen og verksemda, jf. forureiningsforskrifta kapittel 15 A.

##### Avrenning av vatn frå mellomlager av cementpulver

Sementpulveret er i eit produkt nytta ved tetting av oljeproduksjonsbrønnar og som er utgått på dato. Sementpulveret har derfor endra status frå produkt til næringssavfall.

Fylkesmannen har førespurd SJT Miljø AS om orsaka til at sementpulveret vert mellomlagra i staden for å verte levert direkte frå avfallsprodusenten til deponiet på Svåheia.

I si tilbakemelding skriv verksemda at det vil være lite miljøvennleg å transportere små mengder til deponi kvar gong, noko som og vil være svært fordyrande for kunden. Sementstøvet har ikkje eit fuktinhald som tilseier nemneverdig avrenning til oljeutskiljar frå skjerma mellomlager.

Fylkesmannen har derfor ikkje grunn til å anta at sementpulveret vil føre til utslepp av miljøgifter til kommunalt nett.

Vi har likevel vanskeleg for å sjå den store miljøgevinsten i å mellomlagre sementstøvet dersom det skal transporterast vidare til deponiet på Svåheia. Dersom sementstøvet skal leverast vidare for å nyttast i produksjon av betong, opplyser SJT Miljø AS i e-post 27.10.2014 det da vil bli levert til Velde Pukk AS og ikkje til Jærbetong AS.

Fylkesmannen ber derfor Hå kommune om synspunkt på om eit eventuelt løyve bør avgrensast til å omfatte sandfang, eller om den og bør omfatte mottak og mellomlagring av sementstøv.

##### Naturmangfaldlova

Verksemda vil gå føre seg på eit etablert industriområde. Fylkesmannen er ikkje kjend med moglege negative verknader for naturmangfoldet.

## **Vassforskrifta**

I følgje søknaden vil vatnet frå oljeutskiljaren verte leda til kommunalt nett. Fylkesmannen er ikkje kjend med at det vil være andre utslepp av vatn frå anlegget til recipient i vassdrag.

## **Offentleg kunngjering**

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av sokjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

## **Utlegg til offentleg ettersyn**

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen på Rådhuset i Hå kommune, Rådhusgt. 8, 4360 Varhaug og på kommunen si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn i fem veker frå no av.

Søknaden vil og verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

## **Uttale – kommunal sluttbehandling**

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

Vi viser elles til våre kommentarar til søknaden ovanfor.

Frist for kommunale merknader er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding om når saka vert teken opp til behandling.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Johan Tore Rødland  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38  
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknad av 20.11.2013
2. Ettersendt kjemisk karakterisering og analysebevis sandfang og sementstøy
3. e-postar/utfyllande dokumentasjon
4. Kunngjeringstekst
5. Revidert søknad datert 20.5.2014 inkludert vedlegg

Kopi til:  
SJT Miljø AS Pb 43 4367 NÆRBØ  
IVAR IKS Postboks 8134 4069 Stavanger



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

**SJT Miljø AS - Søknad om løyve for mottak og mellomlagring av sandslam frå sandfangkummer på private og kommunale overvassnett, samt sementstøv frå offshoreverksemd. Mottaksanlegget er lokalisert på gnr./bnr. 30/10 i Hå kommune – Utlegging til offentleg gjennomsyn.**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå SJT Miljø AS om løyve etter forureiningslova, jf. §§ 11,16 og 29. Verksemda søker om å få ta i mot ein årleg mengde på 4000 tonn sandslam frå sandfangkummer og 1000 tonn sementpulver frå offshoreverksemd.

Verksemda er samlokalisert med Jærbetong AS på gnr.30, brn.10, Gudmestadvegen 271, 4365 Nærbø.

Mogleg forureining vil vere utslepp av tungmetallar og oljerestar til kommunalt leidningsnett, samt støv og støy knytt til biltransport av massane inn og ut frå anlegget. Det vil i eit eventuelt endra løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdiar for å avgrense utsleppa.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentleg gjennomsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>, på Rådhuset i Hå kommune, Rådhusgt. 8, 4360 Varhaug og på kommunen si nettside.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) innan 5 veker frå kunngjeringstidspunktet.